

LIKESTILLING, INKLUDERING OG MANGFALD

AKTIVITETS- OG UTGREIINGSPLIKT RETTA MOT PASIENTAR OG ANDRE BRUKARAR

2024




Helse Bergen jobbar for likestilling, og mot diskriminering, trakassering og stereotypisering av enkeltpersonar og grupper i samfunnet, med mål om å kunne tilby ein likeverdig helseteneste.

INNHALD

INNLEIING	1
Oppdragsdokument 2025 – overordna føringar	4
STATUS - UTVALDE OMRÅDE	5
Brukarmedverknad	5
Førebygge stigma og diskriminerande haldningar	5
Språkplan	6
Universell utforming av informasjon og digitale tenester	8
Kulturell rådgiving	8
Etnisitet – helseforståing	9
Tolketeneste	9
Regionalt senter for kjønnsinkongruens	10
Svangerskap, fødsel og barseltid	10
Universell utforming av bygg og lokalar – tilpassing og tilgjengelegheit	11
Transport av pasient	13
Parkering	13
Tru og livssyn	13
VURDERING AV RESULTAT/FUNN OG VEIEN VIDERE	14

INNLEIING

Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus, er eitt av fem lokale helseføretak som er eigde av det regionale føretaket Helse Vest RHF og skal dekkje befolkninga i opptaksområdet sine behov for lokale, regionale og utvalde nasjonale spesialisthelsetenester.



Figur1: Opptaksområdet for Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus

I Helse Bergen har vi om lag 14.000 dyktige tilsette som kvar dag arbeider for at pasientane skal få spesialisthelsetenester av god kvalitet når dei treng det. Pasientbehandling, utdanning av helsepersonell, pasientopplæring og forskning er hovudoppgåvene til Helse Bergen. Respekt, tryggleik og kvalitet er kjerneverdiane våre.

Denne rapporten tek for seg den delen av drifta som er retta mot brukarar av sjukehuset, særleg pasientar og pårørnde¹. Rapporten omhandlar status for likestilling og arbeid mot diskriminering på utvalde område

I likestillings- og diskrimineringslova vert likestilling definert som at alle menneske skal ha like rettar, moglegheiter og verdi. Lova understrekar òg at tilgjengelegheit og tilrettelegging er nødvendige føresetnader for å oppnå likestilling.

¹ <https://ldo.no/kategori/offentlige-tjenester/>


Lova angir at det er ulovleg å diskriminere på bakgrunn av diskrimineringsgrunnlag:

- Kjønn
- Graviditet (fødsel/barsel)
- Omsorgsoppgåver
- Etnisitet
- Religion
- Livssyn
- Funksjonsnedsetjing
- Seksuell orientering
- Kjønnssidentitet
- Kjønnsuttrykk
- Alder

I tillegg skal verksemda førebygge trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald, og motarbeide stereotypisering.

For å sikre likestilling og motverke diskriminering og trakassering er det viktig at vi ikkje berre er bevisste på risikoen, men også tek ansvar for å handle aktivt. Som ei tenesteutøvande offentleg myndigheit er Helse Bergen pålagt ei aktivitets- og utgreiingsplikt, som inneber eit aktivt, målretta og planmessig arbeid for å fremje likestilling og hindre diskriminering og trakassering. Plikta til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering, gjeld alle aktivitetar Helse Bergen har ansvar for jf. likestilling- og diskrimineringslova §24 ². Det aktive og førebyggjande arbeidet med likestilling bør difor integrerast i den ordinære drifta, ved at vi i alle handlingar vurderer og tek omsyn til moglege konsekvensar for likestilling og risiko for diskriminering. Arbeidet for likestilling, og mot diskriminering, trakassering og stereotypisering i Helse Bergen skal følgje trinna for forbetningsmetodikk:

² https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-06-16-51/KAPITTEL_4#KAPITTEL_4



Figur 1: 1) kartleggje og analysere, 2) setje mål, 3) lage ein plan, 4) iverksette tiltak, og 5) evaluere arbeidet. (Bufdir)³

Helse Bergen har oppretta ei arbeidsgruppe som er samansett av rådgjevarar frå stab, leiarar frå klinikk/avdeling, føretakstillitsvalde og føretakshovudverneombod. Arbeidsgruppa (LIM-gruppa) har som mandat å utvikle og koordinere aktivitetar og rapportering innanfor områda likestilling, inkludering og mangfald. Arbeidsgruppa rapporterer til personal- og organisasjonsdirektør.

For 2024 har arbeidsgruppa utarbeidd to rapporter, ein som gjeld Helse Bergen som arbeidsgivar, og ein rapport som gjeld pasientar og andre brukarar av sjukehuset. Arbeidsgruppa har i denne samanhengen innhenta innspel frå representant frå brukarutvalet i Helse Bergen HF.

Rapporten som gjeld brukarar av sjukehuset, skal handsamast i sjukehuset sitt brukarutval og føretaksleiinga. Helse Bergen skal rapportere om arbeidet i årsmeldinga til styret.

³ [Aktivitets- og redegjørelsesplikt \(ARP\) for offentlige myndigheter | Bufdir](#)

Oppdragsdokument 2025 – overordna føringar

Oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2025 til Helse Vest RHF tydeleggjer at sjukehuset skal sikre likeverdige helsetenester. «Hovudmålet til regjeringa er å vidareutvikle og styrkje den felles helsetenesta og motverke sosiale, geografiske og økonomiske helseforskjellar. Overordna mål for helse- og omsorgspolitikken er mellom anna god helse og meistring i befolkninga, uavhengig av sosial bakgrunn.

Pasient- og pårørandemedverknad er viktig både på system- og individnivå. Arbeid for å styrkje helsekompetansen til pasientane og bidra til meistring av eigen helsetilstand, er viktig for pasientane sin livskvalitet og for god ressursbruk i tenesta. Helsetenesta skal møte pasientane med openheit, respekt og leggje til rette for medverknad i val av behandling, eksempelvis ved bruk av samvalsverktøy. Minoritetar skal varetakast. Pasientar skal oppleve medverknad i eiga behandling gjennom at det blir lagt til rette for at pasientane kan bruke eige språk. Den kulturelle kompetansen til helsepersonellet er viktig for å sikre likeverdige helsetenester for alle.

Samiske pasientar sin rett til og behov for tilrettelagde tenester må etterspørjast og synleggjerast gjennom heile pasientforløpet. Arbeidet med å følgje opp strategidokumentet *Spesialisthelsetjenester til den samiske befolkningen* vil sikre kvalitet og utvikling av kompetanse om samisk språk og kultur i spesialisthelsetenesta.

Kvalitative mål:

- Pasientar med store og samansette behov, medrekna skrøpelege eldre og personar med alvorlege psykiske lidingar og rusmiddelproblem, barn og unge med store og samansette behov og personar med fleire kroniske lidingar, skal få samanhengande tenester med trygge overgangar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og få dekt behova sine for habilitering og/eller rehabilitering.
- Kvinner skal oppleve eit samanhengande, trygt og heilskapleg tilbod gjennom svangerskap, fødsel og barseltida.”⁴

⁴ [Oppdragsdokument 2025 - Helse Vest RHF](#)

STATUS - UTVALDE OMRÅDE

Brukarmedverknad

I Helse Bergen er det etablert eit Brukerutval⁵. Brukarutvalet er eit rådgjevande organ for administrerande direktør og styret ved Helse Bergen HF i brukarrelaterte spørsmål.

Brukarutvalet skal mellom anna bidra til å oppnå:

- Helsetenester av god kvalitet, uavhengig av alder, kjønn, bustad, etnisk opphav, sosial status, sjukdom/diagnose og funksjonsnedsetjing

Medlemmane kjem frå dei to store samanslutningane av pasientorganisasjonane

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet av

funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO).

Dei andre medlemmene kjem frå RIO – en landsdekkande brukarorganisasjon (RIO),

Interesseorganisasjon innan rusfeltet (ProLar Net), Kreftforeningen, Vestlandet

innvandrarråd og Pensjonistforbundet i Hordaland.

Det bør kartleggast i kva omfang Brukarutvalet blir tatt med på råd om å fremme likestilling og motverke diskriminering og trakassering av pasientar og andre brukarar.

Førebygge stigma og diskriminerande haldningar

Haldningane til helsepersonell og andre tilsette er avgjerande for å motverke stigma og

ekskludering av pasientgrupper. Stigmatiserande haldningar ligg ofte til grunn for

diskriminering og utstøyting av personar på grunn av kjønn, etnisitet, religion, livssyn,

funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder.

Sjukehuset skal bidra til å styrke kompetansen til helsepersonell og andre tilsette for å

motvirke diskriminering og haldningsskapte barrierar. På den måten vil dei kunne møte

behova til pasientar og andre på best mogleg vis. Bevisstgjerings er eit viktig verkemiddel for

å motvirke diskriminering og sikre meir inkluderande tenester.


⁵ [Brukarutvalet](#)

Sjukehuset bør kartlegge korleis tema som likestilling og mangfald vert integrert i internundervisning, kurs og kompetansehevingstiltak, og arbeide systematisk med å førebygge stigma og diskriminerande haldningar hos tilsette i møte med pasientar og andre brukarar.

Språkplan

Arbeidsspråket i Helse Bergen er norsk. Det er viktig at dei tilsette beherskar språket i samhandling med både pasientar og kollegaer. Mange av medarbeidarane har ikkje norsk som morsmål og har ulik nivå i norskkunnskapane sine.

I løpet av 2025 vil Helse Bergen setje språkarbeidet i system gjennom ein ny språkplan. Føretaka i Helse Vest har gjennom åra jobba med språk på ulike måtar, men arbeidet har ikkje vore systematisert med felles mål og tiltak på tvers av føretaka før no. Språkplanen skal sikre at føretaka i vest arbeidar systematisk med språkarbeid, slik at vi oppnår ein skriftleg kommunikasjon som bidrar til trygge og nære helsetenester, godt samarbeid og riktig bruk av tida vår.



Språkplanen peiker ut fem prioriterte område:

- Pasientinformasjon
- Opplæring av medarbeidarar
- Spesiell tilrettelegging og universell utforming av tekst
- Rekruttering
- Digitale løysingar

Språkplanen er ein overordna handlingsplan, der dei regionale aktørane er einige om felles prinsipp og innsatsområde. Områda er valt i tråd med det som er viktig for sjukehusa framover, som digitale tenester, rekruttere og behalde, effektiv bruk av medarbeidarane si tid, og det å bygge tillit mellom pasientane og sjukehusa ved å gi god informasjon.

I Språkprofilen for sjukehuset vert det gitt råd om inkluderande språk.⁶ Her blir dei tilsette oppmoda om å vurdere om det er nødvendig å legge vekt på:

- Kjønn
- Kulturell bakgrunn
- Religion – eller anna livssyn
- Funksjonsmangfald
- Seksuell orientering
- Alder

Døme på råd knytt til språk

Unngå for eksempel	Vurder heller
• person med innvandrar bakgrunn • kone/mann	• fleirkulturell person • partner/ektefelle

Kva med «hen»? I språkprofilen vert det gitt informasjon om at «hen» opphavelig vart innført som eit kjønnsnøytralt pronomen som kan brukast av alle. I dag blir det også brukt om personar som ikkje regnar seg som mann eller kvinne.

⁶ [Helse Bergen - Intranettside - Lei av lange setningar utan poeng og titlar som ingen forstår?](#)

Universell utforming av informasjon og digitale tenester

Pasientar og pårørnde skal lett kunne finne, forstå og nytte seg av informasjon og tenester. Digitale tenester skal vere universelt utforma.

Universell utforming er ein viktig del av opplæringa og informasjonen til webredaktørar og innhaldsprodusentar i Helse Bergen, og vi har ei eiga ressurside på intranett med rettleiing og opplæringsvideoar.

I 2023 bytte Helse Bergen publiseringsplattform (CMS) og flytta innhald frå SharePoint til Optimizely Content Cloud, noko som har gitt betre vilkår for å arbeide med universell utforming av digitalt innhald.

Sjukehuset bør kartleggje forbettringsområde for universell utforming av informasjon og digitale tenester for å bidra til betre likestilling for pasientar og andre brukarar. Oslo Universitetssykehus oppmodar på sine nettsider pasientar og brukarar om å melde frå dersom det er feil og manglar når det gjeld Universell utforming av IKT, og det er gitt informasjon om retten til å klage til likestilling – og diskrimineringsnemnda om dette.⁷

Tilgjengelegheit for ulike språkbrukarar bør kartleggast både i informasjon for brukarar og i styrande dokument. Tilgjengelegheit til informasjon på fleire språk bør vurderast. Oslo Universitetssykehus har til dømes tatt i bruk ein oversettingsapp på 44 språk – **Care to Translate** – til bruk i dialog med pasientar.⁸

Kulturell rådgiving

Kulturell rådgiving i sjukehuset sikrar at pasientar med ulik kulturell bakgrunn får god, likeverdig og tilpassa helsehjelp, og hjelper helsepersonell med å forstå og handtere kulturelle forskjellar som kan påverke kommunikasjon, behandling og omsorg.

⁷ [Kontakt oss - Oslo universitetssykehus HF](#)

⁸ [44 språk på få sekunder: Appen som supplerer tolketjenesten - Oslo universitetssykehus HF](#)

Tolketenesta tilbyr opplæring i kulturforståing og religiøse skikkar, og sørgjer for tilgang til tolketenester for pasientar ved behov. Kulturell rådgiving bidrar til å løyse etiske utfordringar, styrkjer samarbeidet mellom helsepersonell og pasientar, og sikrar at alle pasientar får respektfull og trygg behandling.

Sjukehuset har tilsette med relevant kompetanse innan kulturell forståing, der denne kompetansen i dag ikkje blir nytta fullt ut i den daglege drifta. For å få kunne bruke kompetansen betre, bør det bli utarbeidd betre oversikt over ressursane som er tilgjengelege.

Utan ein tydeleg strategi for korleis kulturell forståing kan bli integrert i arbeidsprosessane og tiltaka for likestilling og ikkje-diskriminering, risikerer vi å gå glipp av viktige moglegheiter for å fremje ein meir inkluderande helseteneste. Ein strukturert kartlegging av kompetanse og behov på dette området vil kunne bidra til å utnytte eksisterande ressursar på ein betre måte.

Etnisitet – helseforståing

Helseforståing i Noreg og andre land kan være svært ulik, og det kan være vanskeleg for enkelte grupper å nyttgjere seg av forskjellige helsetilbod i Noreg. Nokre fleirkulturelle grupper kjem seinare til behandling og får derfor dårlegare prognosar enn andre. Migrasjonshelse er derfor eit viktig fagleg fokusområde.

Tolketeneste

Helse Bergen har starta eit arbeid med å etablere ei intern tolketeneste. Både helseforetaksloven, pasient- og brukerrettighetsloven og tolkeloven seier at alle har rett til likeverdige tenester. For at pasientar skal kunne få forsvarleg helsehjelp og tenester, er det viktig at dei kan kommunisere på eit språk dei forstår.

I første omgang er det satt i gang arbeid med å opprette eit tilbod om interne språkassistentar, samt nytte inngåtte avtalar med tolkefirma. Den fullverdige tolketenesta er planlagt å vere i drift innan 2027, som er fristen for å ikkje lenger nytte ufaglærte tolkar.

Regionalt senter for kjønnsinkongruens⁹ ¹⁰

Regionalt senter for kjønnsinkongruens ved Haukeland universitetssjukehus er eit tilbod til barn og unge under 18 år og deira pårørnde. Senteret tilbyr utgreiing, behandling og oppfølging for personar opp til 18 år som opplever kjønnsinkongruens. Kjønnsinkongruens er ein tilstand der det er manglande samsvar mellom tildelt kjønn ved fødselen og opplevd kjønnsidentitet. Senteret opna 15.02.2024.

Alle helseregionane har no etablert eit regionalt senter for kjønnsinkongruens. [Les meir om arbeidet på Helse Vest sine sider](#)

Svangerskap, fødsel og barseltid

Helse Bergen tilbyr eit breitt spekter av tenester ved graviditet, fødsel og barsel, med eit særleg fokus på tryggleik, støtte og individuell tilrettelegging. Med flyttinga til dei nye lokala i Glasblokkene i 2023 har sjukehuset fått moglegheit til å tilby eit heilskapleg familiebasert føde- og barseltilbod. Eit av dei viktigaste forbetringane er at partner kan vere til stades gjennom heile fødselen og barseltida. Dette gir større moglegheiter for familien til å vere saman under denne viktige perioden.

Kvinneklubben har organisert føde- og barselomsorga på ein måte som møter både individuelle behov og ønskjer, med plass til både naturlege fødsjar og medisinsk nødvendige inngrep som epidural smertelindring. Denne tilnærminga bidrar til ein meir likestilt behandling, der alle får den omsorga og oppfølginga dei treng, enten det er i forhold til fødsel, barseltid eller vidare oppfølging etter utskriving.

Vidare har samarbeidet mellom sjukehuset og kommunane blitt styrkt, slik at kvinner og nyfødde kan få oppfølging nær heimen, noko som også gir større valfridom og fleksibilitet i behandlinga. Denne utviklinga viser eit klart fokus på å skape eit inkluderande, trygt og likestilt helsevesen der både pasientar og pårørnde blir teke hand om på i ein heilskapleg måte.

⁹[Nytt regionalt senter for kjønnsinkongruens](#)

¹⁰ [En liten prat med Erik Silgjerd](#)

Universell utforming ¹¹ av bygg og lokalar – tilpassing og tilgjengelegheit

Offentlege bygg skal vere tilpassa og tilgjengelege for ei mangfaldig befolkning. Lokala skal kunne takast i bruk av alle, uavhengig av funksjonsevne, alder, omsorgsoppgåver eller andre forhold. Dette gjeld òg personar som bryt med normer for kjønn, som talspersonar, ikkje-binære og personar med variasjon i kroppsleg kjønnsutvikling. Manglande tilpassing av toalett, garderober og sengeplassar kan vere eit hinder for eit likestilt tilbod av helsetenester.

Sjukehuset skal arbeide aktivt og målretta for å fremje universell utforming av bygg, [jf. likestillings- og diskrimineringsloven § 19](#). Universell utforming i bygg er regulert i teknisk forskrift, [TEK17](#). Alle oppgraderingar blir utførte i samsvar med TEK17.

Vi arbeidar kontinuerleg for å tilpasse våre bygg og anlegg slik at de er universelt utforma, i tråd med teknisk forskrift TEK17. Dette inneberer blant anna krav til tilgjengelegheit der alle areal (t.d. inngangar, korridorar og pasientrom) skal vere tilgjengeleg for personar med funksjonsnedsetjing.

Det er etablert ei arbeidsgruppe for universell utforming i eldre bygg ved sjukehuset. Gruppen har som oppgåve å identifisere, prioritere og gjennomføre nødvendige forbetringstiltak. Dei har særleg fokus på å gjere sentrale område i eldre sjukehusbygg meir tilgjengelege, spesielt inngangsparti, resepsjonar og toalettfasilitetar. Alle oppgraderingar blir utførte i samsvar med TEK17. Arbeidsgruppa er leia av Seksjon Prosjektkontoret, Drift-/teknisk divisjon.

Prosjektet er eit viktig steg for å sikre at alle pasientar, tilsette og besøkande får eit meir tilgjengeleg sjukehus. Arbeidet med universell utforming handlar ikkje berre om å oppfylle tekniske krav, men også om å skape ein meir inkluderande kvardag for alle.

¹¹ [Les om universell utforming.](#)

I 2024 vart oppgraderinga av inngang nord i Sentralblokka ved Haukeland universitetssjukehus tilpassa gjeldande krav i TEK17. Dette prosjektet har hatt eit sterkt fokus på universell utforming og tilgjengelegheit, med mål om å gjere området meir tilpassa behova til alle brukarar, uavhengig av fysiske føresetnader.

Den oppgraderte inngangen er i dag hovudtraseen for dei som kjem frå buss og bybane i nord, og fungerer som ein viktig kommunikasjonsveg for pasientar og pårørande, samt anna publikum, som skal frå Sentralblokka til Glasblokkene. Tiltaka som er gjennomførte, inkluderer:

- **Opphøgd overgangsfelt:** Aukar tilgjengelegheita for både gåande og rullestolbrukarar.
- **Ny rampe med rekkverk:** Gir trinnfri tilkomst, og sikrar at personar med rullestol eller barnevogn lettare kan kome inn.
- **Ny trapp med rekkverk:** Gir alternativ for personar som kan bruke trapper.
- **Blå sti:** Ein tydeleg markert ferdselsveg som forenkler orienteringa på området.
- **Forbetra belysning:** Gir betre synsforhold, særleg i mørket, og bidrar til auka trygghet.

Med desse tiltaka har sjukehuset skapt ei inngang som er langt meir tilgjengeleg, trygg og brukarvennleg, og som forenkler vegen til både Sentralblokka og Glasblokkene for pasientar, pårørande og besøkande.

Videre held vi på med prosjektering av HCWC på Intensiv i Sentralblokka og oppgraderinga av toaletta i foajéen i 0. etasje i Sentralblokka (ved kiosken). I foajeen prosjekterer vi eit stellerom for vaksne, utstyrt med personløftar. I Parkbygget, i u-etasje, ved Avdeling for kreftbehandling og Medisinsk fysikk, vil tre nye pasienttoalett i ventearealet vere ferdigstilte i 2024. Her er det ikkje prioritert HCWC, då det er tilfredsstillande fasilitetar like ved. I Kirurgisk post 2 er det oppgradert eitt bad, og eit til er under arbeid for å forbetre forholda for pasientar og pleiarar.

I nokre situasjonar kan spesifikke funksjonsnedsetjingar krevje tilpassa hjelpemiddel. Einingane på sjukehuset må i slike situasjonar sørgje for at nødvendige hjelpemiddel er tilgjengelege når det trengst, for å møte individuelle behov.

Transport av pasient

Kvar dag skal pasientar kome seg til og frå behandling. Vanlegvis skal pasienten ordne reisa sjølv, men sjukehuset har ansvar for transporten dersom pasienten er inneliggjande, eller dersom det av helsemessige årsaker er nødvendig at sjukehuset ordnar transporten.

Parkering

I lengre tid har parkeringssituasjonen på dagtid ved Sentralblokka og Parken vore svært utfordrande. Dette har ført til at pasientar har kome for seint til timane sine, noko som har påverka behandlingsflyten og auka frustrasjonen blant pasientane. Det aukande presset på parkeringa ved Sentralblokka og Parken fører ikkje berre til forseinkingar, men kan òg skapa ekstra belastning for pasientar og andre besøkande med spesifikke behov (t.d. rullestolbrukarar, eldre med rørslevanskar, gravide).

For å møte behova til sjukehuset sine brukarar, er parkering nær inngangane og i nærområdet svært viktig. Pasientar med funksjonsnedsetjing treng enkel tilgang til klinikkane og nødvendige fasilitetar, noko som stiller spesifikke krav til tilgjengelegheit og plassering av parkeringsplassar. Dette er avgjerande for å sikre at pasientane kan kome til avtalar på ein trygg og effektiv måte.

I hausten 2024 gjennomførte sjukehuset ei grundig opprydding i parkeringsløyve for tilsette og avdelingar, med justeringar i retningslinjene for parkering. Dette blei gjort for å betre utnytte parkeringsareala og for å sikre at pasientar og andre brukarar med nedsett funksjonsevne får prioritert tilgang til parkering nær inngangane.

Tru og livssyn

Sjukehuset har religions- og livssynsnøytrale stillerom/bønerom. Det er eit livssynsopen bårkapell, og det er rom tilrettelagt for rituell vask av døde. Sjukehuset legg òg til rette for kulturelle og religiøse behov, som til dømes å gjennomføre religiøse ritual eller tilpasse

behandling under faste i ramadan. Sjukehuset sin Seksjon for presteteneste og etikk skifta namn til Preste- og samtaletenesta etter beslutning i Føretaksleiinga i sak 24-139. Ved utlysing av ledig stilling ved Preste- og samtaletenesta vil stillinga være profesjonsnøytral og utlysningsteksten ta utgangspunkt i oppgåvene som skal utførast og den kompetansen og dei eigenskapane som ligg til grunn for å kunne fylle stillinga.

Kantina gjennomfører årlege spørjeundersøkingar blant brukarane og tilpassar menyen etter tilbakemeldingane som kjem fram. Dette har ført til at menyen dagleg inneheld varme og kalde vegetarrettar. Tidlegare vart det prøvd å tilby halalmat til pasientar, men forsøket blei avslutta fordi pasientar (fleire? Mange?) ikkje hadde tillit til at maten vart handtert etter halal-reglar. Mange i valde heller å ta med eigen mat eller fekk mat levert frå pårørande. Ønske om halalrettar har ikkje vore ein del av tilbakemeldingane i spørjeundersøkingane, og difor er det ikkje inkludert i dei noverande menyane.

Det bør vurderast om det er andre område der det bør takast omsyn til kulturelle eller religiøse behov for å sikre eit likeverdig tilbod.

VURDERING AV RESULTAT/FUNN OG VEIEN VIDERE

Som offentleg sjukehus er Helse Bergen pålagt aktivitet og utgreiing, som krev eit aktivt, målretta og planmessig arbeid for å fremje likestilling og hindre diskriminering og trakassering i helsetenesta. Rapporten dekkjer utvalde område, men plikta til å jobbe aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering gjeld alle aktivitetar som Helse Bergen har ansvar for. Utgreiinga viser at arbeidet med likestilling kan styrkast dersom trinna for forbetningsmetodikk blir følgde opp meir systematisk og på fleire område.

Offentlege myndigheiter skal ha nedfelte prinsipp, prosedyrar og standardar for arbeidet med likestilling og mot diskriminering for verksemda sine brukarar. For sjukehuset gjeld dette for pasientar, pårørande og andre brukare. Det bør vurderast om sjukehuset skal utarbeide ein eigen «likestillingspolicy» i tråd med malen som BUFDIR foreslår, for desse gruppene, eller om dette i staden bør omtalast tydelegare i andre styringsdokument.¹²

¹² [Bufdir - Aktivitets- og redegjøringsplikt \(ARP\) for offentlige myndigheter - Hva skal redegjørelsen inneholde?](#)

Sjukehuset har ei arbeidsgruppe som har i oppdrag å vurdere korleis sjukehuset arbeidar for likestilling og mot diskriminering både som arbeidsgivar og overfor pasientar og andre brukarar. Så langt har arbeidet med arbeidsgivaransvaret fått høgare prioritet, noko som kan ha samanheng med korleis arbeidsgruppa er sett saman. For å styrke arbeidet for likestilling og mot diskriminering overfor pasientar, bør sjukehuset vurdere å etablere ei eiga arbeidsgruppe i 2025 med særleg ansvar for dette området. Mandatet for arbeidet bør vere forankra hos sjukehusleiinga. Det er avgjerande å involvere pasientar, brukarorganisasjonar og andre brukarar for å styrke arbeidet med å fremje likestilling og hindre diskriminering og trakassering i helsetenesta.

Sjukehuset skal førebygge at pasientar og andre brukarar blir utsette for trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald, og motarbeide stereotypisering. Det bør kartleggjast korleis dette blir følgt opp i sjukehuset.

Regjeringa har starta arbeidet med eit lovforslag for å inkorporere FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) i norsk lov. Det er naturleg at arbeidsgruppa kartlegg kva dette vil innebere for sjukehuset sitt pasienttilbod.¹³

¹³ [Regjeringen vil ta FNs konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne inn i menneskerettsloven - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/lovforslag-132-2017-2018/lovfor-2018-06-13-om-menneskerettsloven-og-om-rettighetene-til-mennesker-med-nedsatt-funksjonsevne/id2644461/)